



PROTOKOLL ÅRSMØTE 2024

Nordfjordeid, 7. april 2024

Opning

Møteleiar opna møtet og ynskte velkommen kl. 11:00.

1. Namneopprop

Til stades:

Med stemmerett:

Spelemannslaget Fjelljom – Antonia Karete Kongsvik

Spelemannslaget Fjelljom – Arne Sølvsberg

Austrheim Musikklag – Liv Fridtun

Gaular spelemannslag og Gloppen hardingfelelag – Mari Andrea Ness

Gloppen Hardingfelelag - Elin Person Grytting

Nordbygda Spel og dansarlag – Kjartan Naustdal

Nordbygda spel og dansarlag – Magni Strømmen

Naustedalen spelemannslag - Rigmor Bjørkedal

Eid spelemannslag - Helge Solheim

Jostedal spel- og dansarlag - Kjell Einar Ormberg

Indre Sunnfjord spelemannslag - Hilde Bjørkum

Indre Sunnfjord spelemannslag - Terje Rune Vie

Styret i SFFL (utan stemmerett på årsmelding og rekneskap):

Aud Sissel Orheim

Kirsten Johanne Friis

Berner Midthjell

Magnus Skjerdal

Utan stemmerett:

Knut David Hustveit (valnemnda)

Nikolai Storevik (dagleg leiar i SFFL)

Kjersti Rønningen

Anne Lise Bakke

Hilde Henriksen

Geir Strømmen

Solveig Soldal Haugen

2. Val av møteleiar

Samrøystes vedtak: Aud Sissel Orheim

3. Val av skrivar

Samrøystes vedtak: Nikolai Storevik

4. Val av to til å skrive under protokoll

Samrøystes vedtak: Årsmøtet vel Kjell Einar Ormberg og Liv Fridtun til å skrive under protokollen.

5. Godkjenning av innkalling

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner innkallinga

6. Godkjenning av sakliste

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner saklista.

Tilleggsak om oppsummering av årsmøtet (diskusjonssak utan vedtak)

Order vert gjeve fritt, slik at Årsmøtet kan kome med tilbakemelding om Sogn og Fjordane-kappleiken.

Mari

Fin kappleik. Lett å ta med ungdommar fordi alt skjer i same bygg.

Vi må gjere nokre grep når det gjeld bygdedans. Det er for lite bygdedans på kappleiken. Bygdedansen er viktig for å halde på ungdommen.

Knut David

Einig. Fekk innspel frå Einar Eimhjellen: Ynskjer tilgong til alkoholfritt øl

Hilde

Takka arrangørane. Flinke folk, god mat, flott arrangement mm.

Elles einig med Mari. Viktig at dei unge ser førebilete som dansar. Ynskjer at

folkemusikklaget gjer grep for at det når ut til dei yngste.

Kjartan:

Einig med Mari om at bygdedansen må kome til golvet òg, og ikkje berre på scena. Tevlingane glei fint. Gjekk føre tidsskjema og det var god logistikk. Skulle sett opp meir klokkeslett i programmet.

Elin

Framlegg til at bygdedanstevlingane òg har dansande publikum. Fint å få fram variasjonen i bygdedansen òg.

Hilde:

Godt poeng. Heng nok att etter LK og LF. Einig i at bygdedans må med, poengterer at ein kan danse alle springarar til alle springarslåttar.

Arrangøren må passe på at kappleiksprogrammet på nett er oppdatert.

Arne

Det har vorte prøvd med bygdedans på tevlingar før. Har ikkje fungert så godt fordi det er skeivheit i kor mange som kan dei ulike springarane og kor mange som dansar.

Det kan la seg organisere å få til bygdedansen på dansegolvet òg. Ein kan la soloutøvarar vere dansespelemenn.

Stiller spørsmål ved om ein skal ha dømning i det heile teke. Tankevekkar at det ikkje er ein einaste C-klassing påmeldt. Har dårleg erfaring med rangering av C-klassingar.

Knut David

Saknar bygdedansen på dansegolvet, så oppfordrar dei på scena til å spele bygdedansen.

Mari

Vi har med mange juniorar. Ikkje mange av dei som tenkjer på konkurransen.

Arne

Er einig. Vi forsøker å få våre juniorar med i lagdans, for det er mindre høgtideleg

Mari

Viktig runde å ta ein gong i året.

Kanskje vi skal vere meir strategiske når vi inviterer politikarar og kulturleiarar. Kanskje heller invitere dei på Smørbukkappleiken.

Arne

Det var eigentleg planen at dei skulle vere her laurdag. Dei fekk med seg mykje likevel.

Aud Sissel

Det skal vere ein stor kulturkonferanse i Bergen snart, og vi fekk gjort eit godt inntrykk til den.

Berner

Vi må få meir folkemusikk inn i desse kulturkonferansane og inn i bevisstheita til kulturleiarane. Positivt tiltak for når vi i framtida søker penger frå fylkeskommunen og andre tilskotsgjevarar.

Hilde

Kjempebra at de fekk dei inn.

Rigmor

Flott arrangement. God strategi å få inn politikarane.

7. Årsmelding 2023

Møteleiar les gjennom samandraget av årsmeldinga for 2023.

Knut David

Oppsummering av kappleiken på årsmøtet kan vere med.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2023.

8. Rekneskap 2023

Dagleg leiar la fram rekneskapet for 2023.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapet for 2023.

9. Innkome saker frå medlemmer

Jmfr. §4 i vedtektene til Sogn og Fjordane folkemusikklag skal innkome saker sendast inn til styret seinast 5 veker før årsmøtet, dvs. 3. mars i 2024. Det er ingen innkome saker frå medlemmer.

10. Arbeidsprogram 2024-2026

Møteleiar la fram arbeidsprogrammet.

Liv

Korleis samarbeider Folkemusikklaget med kulturskulane?

Nikolai

Samarbeidet skjer hovudsakleg via samarbeid med distriktsmusikarane som er ansatt i kulturskulane. Dei vert leiga inn til å vere utøvarar og instruktørar på våre tiltak. Kulturskulane spreier ofte informasjon vidare om tiltaka våre til elevar, føresette og lærarar.

Mari

Ein bør tenkje på at det bør vere gode dansegolv der ein arrangerar dans.

Hilde

Gode arenaer vil vere ein hovudsak på den komande Vestlandskonferansen.

Kirsten

Vi må snakke fram folkedansen til politikarane, og få dei til å forstå kva folkedans er og kva behovet er.

Hilde

Viser til at idretten har standardar og godt dokumentert korleis dei bør vere mtp arenaer.

Arne

Få inn auka samarbeid med dei frilynde ungdomslaga som har mindre aktivitet no for tida. Dei har t.d. gode lokaler/ungdomshus som ein kan nytte.

Kirsten

Frilynde ungdomslag går inn under «relevante aktørar» i arbeidsprogrammet.

Hilde

Ta med erfaringane frå kappleikane som vert nemnd i årsmøtet.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner arbeidsprogrammet for 2024-2026, med framlegga frå årsmøtet inkludert i programmet.

11. Aktivitetsplan 2024

Møteleiar la fram aktivitetsplan 2024.

Arne

Framlegg til at ein representant frå SFFL vitjar årsmøtet.

Mari

Tidlegare ute med utlysingar av TØFT-midlar.

Kjartan

Kva med Landskappleiken? Skal ikkje den inn i planen?

Nikolai

Folkemusikklaget har ikkje noko verv på LK. LF står nemnd fordi Heimelaget skal delta der.

Knut David

LK bør vere med likevel.

Arne

Folkemusikklaget bør sende ut ei påminning om fristen til LK.

Mari

Einig. Det er særleg greit for dei som har born og ungdommar å få ei påminning.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner aktivitetsplanen for 2024, med framlegga frå årsmøtet inkludert i planen.

12. Medlemspengar 2025

Framlegg til vedtak frå styret:

Kontingentsatsar:

Born og ungdom (tom. 18 år) 40 kr

Vaksne 100 kr

Lag 900 kr

Styret innstiller på å ikkje endre kontingentsatsane. Slik at born og unge framleis skal betale 40 kroner, vaksne 100 kroner og lag 900 kroner for medlemskap.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner framlegg til vedtak på kontingentsatsar for 2025.

13. Budsjett 2024

Dagleg leiar la fram budsjettet for 2024.

Elin

Korleis kan vi lære om aktiviteten til folkmusikklaget og korleis kan det gagne heile miljøet? Korleis vert pengane brukt?

Kirsten

Det er lett å gje ut informasjon om aktiviteten fordi vi har skrive rapport til tilskotsgjevarar.

Greia ut om kva folkedansespor er og kva som har skjedd og kva som skal skje. Målet er

å revitalisere folkedansmiljøet.

Hilde

Merknad om at det er offentlege midlar og difor skal ikkje informasjonen haldast tilbake.

Mari og Elin

Legg gjerne ut informasjonen på nettsida.

Knut David

T.d. legg ut lenkjer på nettsida til rapportane.

Arne

Må vi inn i rapportane?

Det er ikkje berre berre å undervise i dans i skulen.

Lite interesse om dans generelt i skulane.

Meinar det er verdt det sjølv om ungdomen ikkje kjem inn i miljøet og kappleikane.

Elin

Einig, men det er ikkje erfaringane det går på.

Kirsten

Viktig å framsnakke folkedansen.

Arne

Forslag om å nytte noko av folkedansespormidlane til folkedanseinstruktørutdanning.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjett 2024.

14. Val

Møteleiar las opp framlegget frå valnemnda som oppsummert er slik:

Styret:

Aud Sissel Orheim - styreleiar – attval for eit år

Berner Midthjell – attval for to år

Magnus Skjerdal – attval for to år

Kirsten Johanne Friis – ikkje på val i år

Judith Vestreim – ikkje på val i år

Vara:

Marin Stallemo Bakke – 1. vara

Marie Nicolaisen – 2. vara

Sigmund Larsen – 3. vara

Revisor:

Økonomiservice AS

Valnemnd (vald for tre år i gongen og vert leiar siste året dei er med):

Knut David Hustveit – vert leiar i nemnda i 2025

Mari Skjerdal – vert leiar i nemnda i 2026

Liv Fridtun (ny) – vert leiar i nemnda i 2027

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner framlegget frå valnemnda, og nemner ut Liv Fridtun som representant i valnemnda.

Kjartan

Merknad om vedtektene til Sogn og Fjordane-kappleiken: Legge til unnatak frå FolkOrg sine tevlingsreglement ang. pengerpremie på finalar, ettersom det står at ein skal forholde seg til FolkOrg sitt tevlingsreglement i vedtektene til Sogn og Fjordane-kappleiken.

Møtet vart heva kl. 13:26

Nikolai Storevik

Nikolai Storevik, Referent

Kjell Einar Ormberg

Kjell Einar Ormberg,

Protokollunderskrivar,

Jostedal spel- og dansarlag

Liv Fridtun

Liv Fridtun,

Protokollunderskrivar,

Austrheim Musikklag